



Visjon

Kunnskap som bygger menneske og samfunn

Verdiar

Verdiane våre er det vi står for, og dei kjenneteiknar vår identitet og kultur.

Inkludere

Vi møter alle med respekt og omtanke. Ved å inkludere verdset vi mangfald og fremjar fagleg utvikling, tryggleik og trivsel.

Utfordre

Vi utfordrar etablerte tankesett og arbeidsmåtar. Ved å utfordre fremjar vi danning, kritisk tenking og handlekraft.

Samhandle

Vi utviklar og deler kunnskap og erfaring gjennom samspel internt og med omgjevnadene våre. Ved å samhandle fremjar vi kreativitet, læring, nyskaping og fagleg relevans.

Vårt samfunnsoppdrag

Oppdraget vårt er å tilby høgare utdanning, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, formidle kunnskap og bidra til ei samfunnsutvikling som er miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig.

Samfunnet treng forskingsbasert kunnskap og kompetanse for å forstå og løyse samfunnsutfordringar. Vi har særleg merksemd på berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon. Tilgjenge, høg kvalitet og internasjonalt samarbeid i forskning og utdanning er sentralt for å løyse samfunnsutfordringane.

Vi er eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Gjennom forskning, utdanning av høgt kompetente kandidatar og den tette koplinga vår til samfunns- og arbeidslivet bidreg vi til at kunnskap blir delt og teken i bruk. Vi spelar ei aktiv rolle og tek eit ansvar for å påverke samfunnsutviklinga innan utdannings- og forskingsområda våre.

Strategiske ambisjonar og overordna mål

Fram til 2030 har vi tre strategiske ambisjonar og seks overordna mål.



Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet

Vi skal halde fram med å styrkje kvaliteten i utdanning og forskning for å fremje eit velfungerande samfunns- og arbeidsliv og for utviklinga av det norske velferdssamfunnet. Utdanninga og forskinga vår er integrert og tett på arbeidslivet. Dette er berebjelken for å bygge menneske og samfunn, og for å bidra til å løyse samfunnsutfordringar.

Mål: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov.


Vi styrkjer tilbodet av utdanningar med høg kvalitet og med gjennomgåande utdanningsløp til og med ph.d.-grad. Studietilbodet vårt skal vere fleksibelt og tilpassa studentar i ulike livsfasar. Kortare utdanningar skal vi kunne innpasse i gradsstudia. Høge søkjartal, kvalifiserte og motiverte søkjarar og god gjennomstrøyming er føresetnader for å lykkast, og vi arbeider målretta med rekruttering, relevans og tilgjenge.

Vi har eit stimulerande og tilgjengeleg læringsmiljø som er mangfaldig, internasjonalt og inkluderande. Vi vektlegg studentaktive lærings- og undervisningsformer som engasjerer og fremjar læring på både fysiske og nettstøtta læringsarenaer. Studentar tek del i forskning, noko som hevar kvaliteten i utdanningane våre. Vi gjev studentar tilbod om praksis og prosjektsamarbeid med arbeidslivet i fleire studium.

Mål: Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet.

Vi styrkjer forskinga ved å vidareutvikle eksisterande forskingsmiljø, og byggje fleire, nasjonalt og internasjonalt leiande forskingsmiljø. Vi utviklar og gjev prioritet til tverrfagleg forskning. Vi forskar saman med samfunns- og arbeidslivet, aukar den eksterne forskingsfinansieringa og styrkjer innsatsen for å gjere forskinga meir open.

Forskinga blir teken i bruk i utdanningane våre og får gjennomslag i samfunns- og arbeidslivet, også internasjonalt. Forskartalent og dyktige forskingsleiarar får utvikle seg og driv forskingsfelt framover, noko som også gjer oss meir attraktive som arbeidsplass og samarbeidspartnar.



Ei sterk innovasjonskraft

Høg kompetanse og mangfald blant tilsette og studentar, eit stort geografisk nedslagsfelt og tette relasjonar til samfunns- og arbeidslivet gjer oss til ein sentral innovasjonsaktør. Innovasjonsarbeidet vårt bidreg til sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Mål: Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet.

Ansvarleg innovasjon står sentralt i utviklinga av eit berekraftig samfunn med nye, grøne og konkurranse-dyktige arbeidsplassar og auka kvalitet i offentleg sektor. Tilsette hos oss byggjer innovasjonskapasitet gjennom forskning og utdanning og i samskaping med partnerar i samfunns- og arbeidslivet. Vi legg til rette for at tilsette og studentar omset kunnskap til nye eller forbetra produkt, tenester og metodar.

Mål: Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring.

Vi organiserer oss slik at vi har høg kvalitet i kjerneverksemda, god brukarorientering og effektiv og berekratig drift. Vi skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss, beheld og utviklar kompetente medarbeidarar. Gjennom endring og forbetring i eigen organisasjon skal vi styrkje fortrinna våre til nytte for både oss sjølve og samarbeidspartnarane våre.



Ein ambisiøs samfunnsaktør

Som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet fremjar vi vitskaplege tenkjemåtar, akademisk fridom og kunnskapsbaserte avgjerder. Vi er det inkluderande, utfordrande og samhandlande fleircampusuniversitetet på Vestlandet. Vi er den føretrekte kunnskapspartnaren i regionen, og vi har stort truverd og eit godt omdømme.

Mål: Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle.

Vi utnyttar potensialet som ligg i at vi er til stades i heile regionen, og styrkjer rolla vår i den regionale utviklinga. I samskapinga med samfunns- og arbeidslivet tek vi ei leiande rolle, og ved å utøve forskning og utdanning av høg internasjonal kvalitet er vi ein sterk brubyggjar og føretrekt samarbeidspartnar. Vi utviklar fleircampusuniversitetet og hentar ut gevinstar av samarbeid på kvar campus og på tvers av fleire campusar. Vi skal styrkje alle campusane våre som attraktive arbeids- og studiestader kjenneteikna av mangfald, høgt fagleg nivå og kultur for samskaping og læring.

Mål: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten.

Vi set dagsorden og formidlar kunnskap om og frå fagområda våre. Vi synleggjer den kunnskapen vi skaper gjennom å delta i det offentlege ordskiftet. Tilsette og studentar har forskningsetisk medvit og vitskapleg integritet. Vi har ein tydeleg nynorsk profil og vi skal arbeide aktivt for norsk som eit fullverdig vitskapeleg språk.

Realisering og oppfølging

Organisasjonen vår har ein strategi, og denne strategien skal gje organisasjonen ei tydeleg retning med klare ambisjonar og mål. Vi skal gjere strategien kjend i samfunnet rundt oss for å definere oss som det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet på Vestlandet. Ambisjonane og måla blir konkretiserte, realiserte og følgde opp på ein heilskapleg og føreseieleg måte gjennom plan- og oppfølgingsprosessane våre. Vi skal revidere strategien halvvegs i strategiperioden.